



Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gry Walle, 5557 2332

## Andre gongs høyring av forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk i Vestland

Etter gjennomført høyring med frist 9. september 2022, foreslår Statsforvaltaren i Vestland å endre på § 5 og § 6 i forslaget til forskrift som regulerer fiske utanfor vassdrag med anadrom laksefisk og nedsenking av garn i sjøen.

Vi ber om innspel på forslaget til endring av **§ 5 a, c og d og § 6** innan **20. desember 2023**.

Forslag til ny forskrift vil etter vårt syn styrke vernet av sårbare stammer av laks og sjøaure fylket, samstundes som ålmentas tilgang til fiske i sjø vert ivaretatt. Vi har i vurderinga vektlagt miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, og særleg omsynet til føre-var prinsippet (§ 9) og samla belastning (§ 10).

### Endring av paragraf 5 a, c og d, og paragraf 6

Vi mottok 28 fråsegner til utkastet for ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk i Vestland.

Ein konsekvens av høyringa, er at vi foreslår å endre to av paragrafane i den nye forskrifta: § 5 a, c og d om fiskereglar i munningsfredingssone og § 6 om fiske utanfor kraftverksutløp. Og vi ber om tilbakemelding på desse endringane, sjå tabell under.

#### § 5. Fiskereglar i munningsfredingssone

I munningsfredingssone er alt fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk forbode, med unntak av:

	<b>Forslag til ny § 5a, c, d og § 6</b>
§ 5a	Fiske etter anadrome laksefisk med stong og handsnøre frå land, is og båt i perioden det er opna for fiske etter den aktuelle arten i vassdraget. I munningsfredingssone som omfattar fleire vassdrag følgjer fisketida det strengast regulerte vassdraget
§ 5 c	Fiske med stong og handsnøre frå båt i rørsle (doring) i perioden vassdraget er ope for fiske. Fiske etter laks og sjøaure følgjer fisketida til den aktuelle arten i vassdraget. I



	muningsfredingssoner som omfattar fleire vassdrag følgjer fisketida det strengast regulerte vassdraget.
§ 5 d	Fiske etter saltvassfisk med not, snurrevad og trål, når reiskapen vert brukt i yrkesfiske av fiskarar som er oppførte i fiskarmanntalet og frå fartøy som er registrerte i merkeregisteret for norske fiskefartøy, men ikkje nærare grensa mellom elv og sjø (elvemunning) enn 500 meter.  Unntaket for fiske med not, snurrevad og trål gjeld likevel ikkje i munningsfredingssone utanfor Daleelva i Vaksdal kommune og Vossovassdraget i Voss herad.
§ 6	Det er tillate å fiske etter laksefisk og saltvassfisk ved kraftverksutløp heile året, med følgjande unntak:  - Kraftverksutløp som munnar ut i ein munningsfredingssone; her gjeld fisketida for munningsfredingssona. - I områda utanfor følgjande kraftverk er alt fiske forbode:  a) Ei sone på 100 meter i sjøen utanfor Kraftverk 5 i Høyangsfjorden i Høyanger kommune. b) Utanfor kraftverka Svelgen I og II i Svelgen, frå søre elvebreidd der Svelgselva møter fjorden (6854217 304550) og om lag 140 meter nord aust til eit knekkpunkt på kaia nord for stasjonskaia (6854343 304606) i Bremanger kommune.

### Bakgrunn for vårt forslag om å endre forskrifta § 5 a,c og d

Kunnskapsgrunnlaget viser oss at laks og sjøaure er i munningsfredingssone store deler av året, noko som òg er blitt peika på av fleire av høyringspartane.

Fleire fråsegner viser til at fiske etter laks og sjøaure i munningsfredingssona bør følgje fiske etter artane i vassdraget. Dette inkluderer dorging. Dette er i dag både innarbeida og respektert av fiskarane, og tar i større grad omsyn til anadrom fisk som oppheld seg i munningsfredingssone etter gyting. I tillegg vil vi ta inn ei setning om at det er fisketida til det strengast regulerte vassdraget som styrer fisketida i munningsfredingssone med fleire vassdrag. Denne setninga var ved ein feil utelate frå utkastet til forskrift, men er gjeldande regulering både i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Det betyr at § 5 a endrast til at ein kan fiske etter sjøaure, når vassdraget er ope for sjøaure, og laks når vassdraget er ope for laksefiske. I dag har fisketid i sjøen vore knytt opp til fisketida til sjøaure i vassdraget. Dette har vore uheldig i dei munningsfredingssone som har vassdrag som er stengt for laksefiske. Då har ein kunne fiska laks i sjøen når det er ope for aurefiske, men ikkje i vassdraget.

Vi foreslår å endre paragraf 5 c, slik at dorging er lov i den perioden vassdraget er ope for fiske. Det vil sei at ein kan dorge etter sjøaure når vassdraget er ope for fiske etter sjøaure, og laks når vassdraget er ope for fiske etter laks. Saltvassfisk kan dorgast etter i heile perioden vassdraget er ope for fiske. Vi vurderer at dette er ein oppmjuking av vårt forslag, sjølv om perioden for dorgefiske vert redusert. Endringa vil òg ivareta stammene av laks og sjøaure, då det er berre der det er opna for fiske i vassdraget, det vil vere lov å fiske i sjøen.

Både fiskeriforvaltinga og fiskerinæringa meinte § 5 d) i førre utkast vil gje for strenge restriksjonar på fiske etter pelagisk saltvassfisk, og at det er manglar i kunnskapsgrunnlaget. Det var grensa på 500 meter frå grense elv-sjø, og fisketida 15. oktober - 31. desember dei reagerer på. Dei meinte



grensa må vere 100 meter, og høve til å fiske heile året for manntalsførte fiskarar kor reiskapen er satt ut av fartøy registrert i merkeregisteret for norske fartøy. Vi foreslår likevel no å stramme inn ytterlegare.

Gjennom høyringa er det blitt klart at vi ikkje tok nok høgde for anadrom fisk, og då særleg sjøaure, sin bruk at munningsfredingssone haust og vinter. Å opne opp for not-, snurrevad og trålfiske i område vi veit samlar anadrom fisk, på ei tid av året dei kan samle seg i området, vil etter vårt syn ikkje i vere tråd med naturmangfaldlova sine krav til forvaltningsmål for artane, jf. § 5. Vi har òg teke omsyn til naturmangfaldlova § 10, som set krav om at påverknaden på eit økosystem skal bli vurdert ut ifrå den samla belastinga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Saman med føre - var prinsippet tilseier dette at det ikkje bør opnast for fiske med not, snurrevad og trål nærare vassdrag enn 500 meter i munningsfredingssone.

Ny § 5 d) blir då lik dagens regulering i Sogn og Fjordane. I resten av munningsfredingssone, utanfor 500 metersgrensa, vil det vere ope for fiske med not, snurrevad og trål så lenge slikt fiske er lov gjennom anna regelverk. Ålmentas fiske etter laks og sjøaure er òg blitt stramma inn som følge av høyringa.

#### **Bakgrunn for vårt forslag om å endre forskrifta § 6**

Vi viser til at § 6 i det store og heile er lik dagens forskrifter, og at fisketid var tatt inn for å få lik fisketid utanfor kraftverksutløp og i munningsfredingssone. Dei fleste kraftverksutløp munnar ut i ei munningsfredingssone. Ordlyden blir endra for å presisere dette.

Vedlagt finn de oppsummering av innkomne fråsegner, med våre kommentarar og forslag til ny forskrift. Høyringsnotatet frå først gongs høyring er tilgjengeleg på vår [nettside](#).

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Utkast forskrift om fiske i sjø
- 2 Høyringsdokument - samandrag fråsegner og våre kommentarar
- 3 Andre gongs høyring om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk i Vestland



## Mottakerliste:



Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplussen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD



Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
NJFF Hordaland			
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Sør-vest politidistrikt	Postboks 240	4001	STAVANGER
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
SNO v/Einar Vereide			
Per Arvid Hauge	Lustravegen 4350	6876	SKJOLDEN
Jan Hovlandsdal			
Searun AS			
Hordaland grunn og sjølaksefiskelag			
Hardangerfjord villfisklag			
Kurt Birger Hagen			
Sognefjorden vel			
Norges Sildesalgslag v/Roald Oen			
Norges Sildesalgslag			
Norges Fiskarlag			
Fiskarlaget Vest			
Aa sameige			
Grunneigarane til Andvikvassdraget v/Arnold Vike		5981	MASFJORDNES
Aurland elveeigarlag			
Sundal-Bondhus Elveeigarlag			
Bortnen elveeigarlag			
Nedre Bøfjordvassdragets grunneigarlag			
Øvre Bøfjordvassdraget			
Bøyaelvi			
Daleelva i Vaksdal			
Daleelva i Høyanger			
Ervik jakt og fiskarlag			
Morkadalen grunneigarlag			
Framfjord Grunneigarlag			



Forvaltningslaget for  
Eidfjordvassdraget  
Ekso Elveigarlag  
Etne Elveigarlag  
Feioselvi  
Sotra sportsfiskere  
Fjæra elvefiskelag  
Flekke elveigarlag  
Flåm elveigarlag  
Fortun elveigarlag  
Grunneigarane til Fosselva  
Fresvik grunneigarlag  
Frøysetvassdraget forvaltningslag  
Førde grunneigarlag (Ålfoten)  
Gaula elveigarlag  
Gloppen elveigarlag  
Grunneigarlaget for  
Granvinvassdraget  
Guddalsdalen elveigarlag  
Grunneigarane til Haugsdalselva  
Haugsdalselva  
Grunneigarane til Hopselva  
Henjaelvi  
Haugen og Dalen grunneigarlag  
Straumselva (Hopevassdraget)  
Hope grunneigarlag  
Forvaltningslaget for  
Hornindalsvassdraget  
Indrehus fiskesameige  
Rune Jostein Indrehus  
Jondal Jakt og Fiskelag  
Jostedalen Grunneigarlag  
Gaupne grunneigarlag  
Røneid Grunneigarlag  
Kinso elveigarlag  
Førde elveigarlag  
Kvamselva elvelag  
Loen elveigarlag  
Fagrådet for Loneelva  
Lærdal elveigarlag



Øvredalen grunneigarlag  
Matre Elvelag  
Modalen Elveeigarlag  
Grunneigarane til Mosneselva  
Mundheimselva grunneigarlag  
Mørkridsdalen elveeigarlag  
Nausta elveeigarlag  
Norddalselva elveeigarlag  
Nærøydalen elveeigarlag  
Olden elveeigarlag  
Ommedal elveeigarlag  
Omvikdalen grunneigarlag  
Opsanger vatn- og elveeigarlag  
Osvassdragets Eigarlag  
Elveeigarlaget Osen – Vestre Hyen  
(EOVH)  
Årdal jff  
Årøy gard  
Ola Lægreid  
Geir Sigurd Berge  
Aadlandsvassdraget Fiskelag  
Øystese jeger- og fiskarlag  
Ænes Elveeigarlag  
Forvaltningslaget for  
Vossavassdraget  
Bulken Evanger Elveeigarlag  
Bolstadelva AS  
Vik elveeigarlag  
Vik jakt- og fiskelag  
Vetlefjorden Grunneigarlag  
Vigdar grunneigarlag  
Uskedalen grunn-og elveeigarlag  
Tørvikbygd-Ljones grunneigarlag  
Stryn elveeigarlag  
Straumselva (Hopevassdraget)  
Storelva elveeigarlag  
Arna Sportsfiskarlag  
Storelva i Dale, elveeigarlag  
Steinsdalen og Norheimsund  
grunneigarlag





Solheim elveigarlag  
Sogndal jeger- og sportsfiskarlag  
Simadal sameige  
Samnanger jeger- og fiskarlag  
Myklebust grunneigarlag  
Rygg og Grov grunneigarlag  
Rosendal elv- og utmarkslag  
Grunneigarane til Romarheimselva  
Rivedal grunneigarlag  
Rimstad og Totland utmarkslag  
Redal grunneigarlag